

No kan de kombinera komlemiddag og petanque-spel.

04.09.2017



Ein gjeng som hadde det kjekt med petanque i sommar.

I vår opna Spar Uskedalen ny petanque-bane av internasjonal standard som mange petanque-spelarar misunner oss. Den har til no vore lite brukt, klart mindre enn både biblioteket og utesjakken som har kome i same området. Ein grunn er truleg at vi ikkje kjenner nok til dette spelet som har vorte så populært mange stader.

Med bakgrunn i dette vil SmakifråOska saman med Geir Nilsen setja i gang petanque-spelingar dei torsdagane det er komlemiddag. Førstkommande torsdag fyller Roy Lervåg gryta med lammebog, knokekjøtt, korv, kålrot og bacon. Geir Nilsen gjev innføring i petanque, - dette sosiale spelet som passar for alle aldersgrupper og ulik fysisk form. På Oska er det rikeleg med kuler til utlån.

Dersom einkvan heller skulle ønskja å kasta hestesko, vert det også mulighet til det.

Både Roy Lervåg og Geir Nilsen håpar at både komlene, kulene og hesteskona skal få fart slik at dette kan vera ein sosial arena. På Stord har pétanque slått veldig an både som sosial aktivitet og konkurranseidrett. Svært mange er aktive der, og dei har eit sterkt ønskje om å få ein bane av slik standard som den vi har fått i Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland